

**Til:**

1. tr. Asle Ingebretsen
2. tr. Heidi Karin Ege
2. tr. Per Ivar Aniksdal
3. tr. Grete Waldeland Høiland
4. tr. Tone Ueland

Dykkar ref.

Vår ref.  
19/18424 HELEArkivkode  
035 A20Dato  
29.05.2019**Vigrestad skule - FAU - referat frå møte 22. mai 2019**

Dato: 22. mai 2019

Tid: kl. 19:00

Desse møtte: Asle Ingebretsen, Heidi Karin Ege, Per Ivar Aniksdal, Grete W. Høiland, Tone Ueland og Dagfrid Bekkeheien-Skrettingland

Forfall:

**Saker:****Sak 8/19 Godkjenning av innkalling og referat**

Godkjent

**Sak 9/19 Oppsummering etter foreldremøte - Vegene vidare**

Eit av Barn og unges kommunestyre i Hå sitt ønske var å redusere leksene. FAU og skulen har blitt enige om ein reduksjon som er iverksett. Evaluering til hausten.

På skulen arbeider pedagogane med å variera undervisninga i tråd med dei fem standardane som er sett opp.

- Trygge relasjonar
- Meistring/Utfordring
- Variert undervisning
- Aktive elevar
- Tydeleg og god klasseleiing

Me diskuterte korleis og kva tid FAU kan engasjere seg i forhold til sosiale tiltak for å fremma trygge relasjonar mellom foreldra på trinnet og blandt elevane på trinnet.

I oktober arrangerer FAU storsamling igjen, eit samarbeid med storskulen og barnehagen. «Gleding» (Partnerskap mot mobbing)

Det vart diskutert om dugnadskveldar på kvart trinn kunne skapa fellesskap mellom dei vaksne på trinnet, og om det kunne vera ein måte og gjera det på.

Frå hausten 2019 vil dei ta tråden opp att.

## Sak 10/19 Grillkveld

Vert nå Sommarfest for 1. - 3. klasse. Dato: 13. juni kl. 16.30 - 18.30.

For at det skal verta meir «bli kjent på trinnet opplegg», vil FAU arrangera sommaravslutning for 1. – 3. kl. litt annleis enn den vanlege grillkvelden. 4. klasse har si avslutning, så dei vert ikkje med på denne kvelden.

Ta med eiga niste eller grillmat. Felles stor grill står klar frå kl. 16.30

Klassane vert delt inn i tre stasjonar, 40 min på kvar stasjon.

	<b>16:30-17:10</b>	<b>17:10-17:50</b>	<b>17:50-18:30</b>
Grilling og mat	2. klasse med familie	1. klasse Med familie	3. klasse Med familie
Fotballturnering foreldre mot elevar	3. klasse med familie	2. klasse Med familie	1. klasse Med familie
Sporleik/Natursti	1. klasse med familie	3. klasse med familie	2. klasse Med familie

- Sporleik bak skulen, eller ved sykkelskuret:  
Ansvar for å laga og organisera: Heidi og Per Ivar. Det trinnet som har mest poeng får ei overrasking på skulen. 8 poster, max 3 – 4 min på kvar post.
- 2. klasse - grilling. Ansvar: Tone og Janne Beth
- 3. klasse – fotballturnering. Ansvar: Grete og Magnar

Kvar klassekontakt følger sitt trinn.

Grill frå Vellag Stokkelandsmarka. Asle fikser. Grillen må vera på plass dagen før eller tidleg på dagen 13. juni.

## Sak 11/19 Bokmålsklasse - rutiner for opplysning/ informasjon rundt dette.

Skulen informerer kort om dette på 1. Foreldremøte om Våren. (Nye 1. klassingar)

Sjå elles på Hå kommune si heimesida der det står informasjon om dette.

### **«Vilkår for å få opplæring på egen målform**

*Når minst ti elevar på ett av årstrinnene 1-7 i en kommune ønsker skriftlig opplæring på et annet hovedmål enn det kommunen har vedtatt, har de rett til å tilhøre en egen elevgruppe, jf. opplæringsloven § 2-5 fjerde ledd. Bestemmelsen viser til antall elevar i kommunen og ikke ved den enkelte skole. Det er altså et krav om at elevene må være fra samme årstrinn, men de kan samles fra ere klasser/grupper fra ere skoler i kommunen. Retten gjelder så lenge det er minst seks elevar igjen i den særskilte målformgruppen. Antall elevar som er igjen i den opprinnelige klassen, er uten betydning for retten til å tilhøre en egen særskilt målformgruppe.»*

## Sak 13/19 Kristendomsundervisning i skulen (Krlle)

Læreplan og lover/regler - mulighet for å søkje fritak for undervisninga?

Viser til Læreplanen og Opplæringslova.

Frå lovdata:

### **§ 2-3 a.Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa**

*Skolen skal vise respekt for elevane og foreldra sine religiøse og filosofiske overtydingar og sikre retten til likeverdig opplæring.*

*Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever*

*som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum.*

*Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen. Dersom skolen på eit slikt grunnlag ikkje godtek ei melding om fritak, må skolen behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.*

*Skolen skal ved melding om fritak sjå til at fritaket blir gjennomført, og leggje til rette for tilpassa opplæring innanfor læreplanen.*

*Skoleeigaren skal årleg informere elevane og foreldra til elevar under 15 år om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa.*

*Elevar som har fylt 15 år, gir sjølv skriftleg melding.*

### **Det er vel slik at en ikke kan få fritak for hele faget, men for bare for aktiviteter?**

Krle er et obligatorisk fag og det er ikke anledning til å søke seg fritatt for hele faget. I forbindelse med navneendringen fra Rle til Krle uttalte departementet følgende i Prp 82.L (2014-15) pkt 5.6.1.

«Departementet vil halde fram at sidan innhaldet i faget ikkje blir endra, gir ikkje dei foreslåtte endringane noko større grunnlag for å melde om fritak, slik somme høyringsinstansar fryktar. Departementet understrekar at elevane ikkje kan få fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen, berre frå «AKTIVITETAR» som dei opplever som utøving av ein annan religion enn deira eigen, jf. opplæringslova § 2-3a.»

Fritak fra aktiviteter i opplæringen, gis på bakgrunn av skriftlig melding fra foreldrene. Elever over 15 skal selv gi melding. Avgjørelsen om å gi fritak er et enkeltvedtak etter [forvaltningslovens definisjon av vedtak i § 2](#). Men i de tilfellene hvor fritak innvilges fullt ut, kan saksbehandlingen være svært enkel, se [fvl § 24 annet led](#). Et "ok" i meldingsboka er nok, gjerne sammen med informasjon om alternativ opplæring for eleven. I de tilfellene hvor foreldrene har krevd et fritak som ikke kan innvilges. For eksempel når de ber om fritak for et helt fag, eller fra kompetansemål, må det skrives fullstendige vedtak.

### **Eventuelt.**

TV aksjonen. Kommunekomite for bøssebærere.

Asle Ingebretsen stiller for FAU.

Storsamling til hausten. Grete Waldeland Høiland og Heidi Ege representerer skulen.

Heidi Karin Ege  
referent

**Kopi til:**

- 1. tr. Annica Kverme
- 3. tr. Magnar Rugland
- 4. tr. Janne Beth Lygren

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur*